

# Tommelfingerreglar for bruk av eigenmeldingar og løn under sjukdom

## 1. Bruk av eigenmelding

Ein må være tilsett (ha jobba) i 2 månader før ein kan nytte eigenmelding. Ved brot i arbeidsforholdet på meir enn 2 veker opphøyrer retten til sjukepengar frå arbeidsgjevar (gjeld ikkje lovbestemte permisjonar i samband med fødsel, sivilteneste osv.). I Flora kommune kan ein nytte eigenmeldingar i 24 kalenderdagar i løpet av ein 12 månaders periode. Eigenmelding kan ikkje nyttast i meir enn 8 dagar pr. fráværstilfelle.

Vedkommande må då jobbe samanhengande i 16 kalenderdagar før han/ho kan nytte eigenmelding på ny.

Eigenmeldingar kan berre nyttast for heile fráværdsdagar. Eigenmelding kan ikkje nyttast umiddelbart etter legemeldt sjukefrávær. Det må gå 16 dagar (ein arbeidsgjevarperiode) før ein kan nytte eigenmelding på ny. Eigenmelding kan ikkje nyttast under delvis sjukemelding dersom arbeidsgjevarperioden er oppbrukt. Eigenmelding for barn/ barnepassar sjukdom kan imidlertid nyttast då trygdekontoret normalt sett ikkje dekker dette.

## 2. Når faste tilsette er sjuke

Fast tilsette og tilsette med arbeidsavtalar har rett til lønn under sjukdom frå første fráværdsdag, forutsatt at dei har tiltrådd stillinga. Arbeidstakere som fyller sykdomsvilkåret i folketrygden har rett til full lønn i 50 uker, det vil si tilsvarende 248 dagene trygden refunderer.

### Alderspensjon

Tilsette som mottok heil alderspensjon har kun krav på sjukeløn frå kommunen dei 3 første månadane av sjukefráværet. Trygdekontoret gir ikkje refusjon for denne perioden. Tilsette med gradert alderspensjon og deltidsarbeid får tal dagar med rett til sjukepengar frå trygdekontoret redusert til 90 dagar eller 18 veker. Tariffavtalen sine reglar om sjukeløn i 3 månader ligg innanfor dei 90 dagane som folketrygda refunderar. Pensjonistar

i kortvarige arbeidsforhold får løn under sjukdom for den avtalte perioden på lik linje med andre vikarar.

### **3. Når vikaren er sjuk**

Vikarar med uforpliktande tilkallingsavtalar har ikkje rett på lønn under sjukdom. Når det er avtalt ei konkret vakt vil arbeidstakar ha krav på sjukelønn når vakta er tiltrådt. Dersom vikaren har vore i arbeid i kommunen i løpet av eit tidsrom på 14 dagar eller meir, vil vikaren ha rett til å få løn for vakter som ein har avtalt på førehand. Dette gjeld berre i arbeidsgjevarperioden. Etter arbeidsgjevarperioden vil trygdekontoret betale eventuell sjukelønn.

### **4. Fødselspengar**

For å få utbetalt lønn (fødselspengar) under permisjonen må arbeidstakar ha vore i inntektsgivande arbeid 6 av dei 10 siste månadane før stønadsperioden tek til. Sjukelønn, arbeidsledighetstrygd og fødselspengar etter folketrygdlova likestillast med begrepet "å vere i inntektsgivande arbeid" ved berekning av 6 av de 10 siste månadane. Likevel må arbeidstakar ha gjeninntrådt i stillinga etter fødselspermisjonen for å ha nye rettigheiter.

#### **Fødsel før 1.juli 2006**

Lønn under fødselspermisjon vert ytt for same tidsrom som folketrygda dekker fødselspengar, dvs. for tida 42 veker 100%, eller 52 veker med redusert lønn.

#### **Fødsel fra og med 1.juli 2006**

Lønn under fødselspermisjon vert ytt for same tidsrom som folketrygda dekker fødselspengar, dvs. for tida 44 veker 100%, eller 54 veker med redusert lønn 80%.

Inntil 12 veker av desse kan takast i tida før nedkomst.

Stønadsperioden kan fritt fordeles mellom foreldrene etter man først har hensyntatt de uker som er forbeholdt mor og far. Dersom mor tar mer enn tre uker av stønadsperioden før fødselen, blir stønadsperioden etter fødsel tilsvarande kortare.

Fedrekvoten kan avviklast når som helst i perioden, men tidligst frå sjuande uke etter fødsel.

Ved fleirbarnsfødselar vert permisjonen forlenga for kvart barn over eitt, med 5 veker med full dag sats eller med 7 veker med redusert sats. Kommunen reknar lønn under fødsel med i feriepengegrunnlaget.

Arbeidstakarar som ikkje har eit fast forpliktande arbeidsforhold får fødselspengar etter folketrygdlova sine bestemmelser. Desse vert henvist til trygdekontoret.

## **5. Barn og barnepassar sin sjukdom**

Arbeidstakar som har omsorg for barn under 12 år har rett til fri for nødvendig tilsyn til barnet når det er sjukt. Ver merksam på at ein kan nytte eigenmelding ut heile det kalenderåret barnet fyller 12 år. Ein må ha vore i arbeid i to veker før ein kan nytte denne retten. Permisjonsretten er avgrensa til 10 dagar pr. kalenderår, eller 15 dagar dersom vedkommande har ansvar for meir enn to barn. Dersom arbeidstakar er åleine om omsorga er permisjonsretten høvesvis 20 dagar, 30 dagar for meir enn to barn.

**Vi anbefalar alle som jobbar med fråvær å lese reglane i Hovudtariffavtalen, som du finn i "Kommunenes personalhåndbok" som ligg på linken KS-infoserien på Intranettet.**